

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 05.02.03 **Tid:** 14.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

John Nils Langeland

I staden møtte:

Siste del av møtet vart nytta til gjennomgang av arealdelen.

Andre som var tilstade på møtet:

Administrasjonssjef og jordbrukssjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 6. februar 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Berit Hernes stilte spørsmål om vegen til Fitjavatnet kan vera open for allmen ferdsel, og dersom ikkje kva som ligg til grunn for det og om det er mogleg å halda han open anten for alle eller for einskilde grupper evt. at det vert innkrevd bompengar.

Administrasjonssjefen vil koma attende med svar på spørsmåla seinare.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Dokumenta i utsendt liste vart gjennomgått.

I tillegg drøfta utvalet ei tilbakemelding utarbeidd av administrasjonssjefen til regionrådet om utfordringar innan samferdsle. Utvalet var samd i konklusjonane i dette skrivet.

Hans Kristian Stenerud orienterte om møte på BKK om arbeidet knytt til Samnangerkonsesjon, minstevassføring og terskelbygging.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/03	02/00234 SAMNANGER FABRIKKER AS - OPPRUSTING AV KRAFTSTASJON OG UTSKIFTING AV RØYRGATE GNR 43/11
0002/03	02/00535 KONSESJONSSAK GNR 25/143.
0003/03	02/00542 BYGGJESAK - TILBYGG TIL HYTTE GNR 23/15.
0004/03	03/00057 INTERKOMMUNAL DRIFTSASSISTANSE FOR VASSFORSYNING OG AVLAUP I HORDALAND (DIH)
0005/03	02/00497 SØKNAD OM BYGGJELØYVE NAUST GNR. 24 BNR 111

0001/03

SAMNANGER FABRIKKER AS - OPPRUSTING AV KRAFTSTASJON OG UTSKIFTING AV RØYRGATE GNR 43/11

Framlegg til vedtak::

I høve til søknaden frå Safa fabrikk AS vil Samnanger kommune fremje krav om minstevassføring av ein slik storleik at laksetrappa har tilstrekkeleg med vatn. Av estetiske omsyn bør det også til ein kvar tid sikrast vatn i sjølve Tyssefossen.

Endringar ved demninga må ikkje gjera vilkåra dårlegare for oppgong av laks og sjøaure.

Det er viktig at den nye røyrgata eller arbeid med denne ikkje endrar sjølve elvelaupet.

Det er elles ikkje noko i kommuneplan eller reguleringsplan som kjem i konflikt med søknaden frå Safa fabrikk AS.

Handsaming i møte:

I møtet vart det orientert om eit skriv frå Direktoratet for naturforvaltning av 24.01. der det vart peika på at det i søknaden ikkje er gjort greie for konsekvensane for fisk og fiske. Administrasjonssjefen sette fram eit tillegg til framlegget sitt. Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak med tillegget sett fram i møtet.

Vedtak:

I høve til søknaden frå Safa fabrikk AS vil Samnanger kommune fremje krav om minstevassføring av ein slik storleik at laksetrappa har tilstrekkeleg med vatn. Av estetiske omsyn bør det også til ein kvar tid sikrast vatn i sjølve Tyssefossen.

Endringar ved demninga må ikkje gjera vilkåra dårlegare for oppgong av laks og sjøaure.

Det er viktig at den nye røyrgata eller arbeid med denne ikkje endrar sjølve elvelaupet.

Det er elles ikkje noko i kommuneplan eller reguleringsplan som kjem i konflikt med søknaden frå Safa fabrikk AS.

Samnanger kommune er samd i merknaden frå direktoratet for naturforvaltning om at det må fremjast ein ny søknad som tek med ei vurdering av miljøkonsekvensane. Dersom det vert fremja ein ny søknad, vil kommunen ha han til uttale.

0002/03

KONSESJONSSAK GNR 25/143.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gjev Asbjørn Bjordal, i høve til konsesjonslova av 31. mai 1974, konsesjon på ein nausttuft, gnr/bnr 25/145, i Samnanger kommune.

Konsesjon vert gitt på vilkår om at kopi av rettsdokument, i høve til eigarskap vert sendt til Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev Asbjørn Bjordal, i høve til konsesjonslova av 31. mai 1974, konsesjon på ein nausttuft, gnr/bnr 25/145, i Samnanger kommune.

Konsesjon vert gitt på vilkår om at kopi av rettsdokument, i høve til eigarskap vert sendt til Samnanger kommune.

0003/03

BYGGJESAK - TILBYGG TIL HYTTE GNR 23/15.

Framlegg til vedtak::

I medhald av plan og bygningslova § 7 jfr. § 9-1 vert dispensasjon frå kommuneplan for oppføring av tilbygg til hytte gjeve.

Byggjeløyve for tilbygg til hytte vert gjeve i samsvar med søknad dgs.23.11.02.

Avløp frå bustaden og hytta må førast via 3 kamra 4 m³ slamavskiljar til min.10 m djup sjø målt på lavvatn.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova § 27 og 29-32, og pbl § 15. klagefristen er 3 veker frå De mottek melding om vedtaket.

Handsaming i møte:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 7 jfr. § 9-1 vert dispensasjon frå kommuneplan for oppføring av tilbygg til hytte gjeve.

Byggjeløyve for tilbygg til hytte vert gjeve i samsvar med søknad dgs.23.11.02.

Avløp frå bustaden og hytta må førast via 3 kamra 4 m³ slamavskiljar til min.10 m djup sjø målt på lavvatn.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova § 27 og 29-32, og pbl § 15. klagefristen er 3 veker frå De mottek melding om vedtaket.

0004/03

INTERKOMMUNAL DRIFTSASSISTANSE FOR VASSFORSYNING OG AVLAUP I HORDALAND (DIH)

Handsaming i møte:

Utvalet fatta eit samrøystes vedtak.

Vedtak:

Som deltakar i Driftsassistansen i Hordaland – Vann og Avløp IKS godkjenner Samnanger kommune selskapsavtalen av 19. juni 2001.

0005/03

SØKNAD OM BYGGJELØYVE NAUST GNR. 24 BNR 111

Framlegg til vedtak::

Det vert gjeve byggjeløyve for 3 naust i rekke i samsvar med søknad motteke 04.11.02.

Det skal brannskillast mellom einingane og inn mot nabogrensa slik at naboeigedomane ikkje får innskrenka sin råderett. Dimensjonering av brannskilje, vert i samsvar med gjeldande tekniske forskrifter til Plan og bygningslova.

Det må vera mogleg å ferdast på sjøsida når det er flo sjø.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova § 93.

I høve til pbl., § 74, skal takast omsyn til naturgitte og bygde omgjevnader. Skjemmande farger er ikkje tillete og kan krevjast endra. Det skal vera lik farge på dei tre nausta.

Det vert med byggjeløyve gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sitt krav om reguleringsplan.

Vedrørende høve til å klage, sjå vedlagte skjema.

Handsaming i møte:

Framlegget vart samrøystes vedteke med eit tillegg som inneber at naustet ikkje skal innreist til fritidsbustad..

Vedtak:

Det vert gjeve byggeløyve for 3 naust i rekke i samsvar med søknad motteke 04.11.02.

Det skal brannskillast mellom einingane og inn mot nabogrensa slik at naboeigedomane ikkje får innskrenka sin råderett. Dimensjonering av brannskilje, vert i samsvar med gjeldande tekniske forskrifter til Plan og bygningslova.

Det må vera mogleg å ferdast på sjøsida når det er flo sjø.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova § 93.

I høve til pbl., § 74, skal takast omsyn til naturgitte og bygde omgjevnader. Skjemmande farger er ikkje tillete og kan krevjast endra. Det skal vera lik farge på dei tre nausta.

Det vert med byggjeløyve gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sitt krav om reguleringsplan.

Det vert ikkje høve til å innreia andre høgda til fritidsbustad.

Vedrørande høve til å klage, sjå vedlagte skjema.